

Dykker ref.:

Vår ref.:

5205649/5205649\_brev\_Varsel om oppstart\_J01.docx

Dato:

2022-04-21

► **Varsel om oppstart av planarbeid  
Detaljreguleringsplan MiSF Fellesmagasin gnr. 25/17, Sunnfjord  
kommune**

Det vert med dette varsla om igangsetting av arbeid med utarbeiding av **detaljreguleringsplan MiSF Fellesmagasin gnr. 25/17**, jf. §§ 12-1, 12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova. Planarbeidet femnar om eigedom gnr. 25, bnr. 17, samt del av gnr. 25/7, 25/23, 25/28 og 0/0 (teig på 70m<sup>2</sup> mellom gnr. 25/7 og 25/24).

Planområdet er synt i figur 1, samt vedlagt kart (vedlegg 2 til 5). Bystyret vedtok revidert versjon av kommuneplanens arealdel for Førde kommune (planid.: 4647\_143220170008) den 26. september 2019. I arealdelen er eigedom gnr. 25/17 (som inneholder noverande verksemd/bygningskropp) sett av til føremålet eksisterande næringsareal (BN) med plankrav. Resterande areal rundt eigedom gnr. 25/17 er sett av til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF) i kommuneplanens arealdel. Planområdet og tilgrensande areal er ikkje tidlegare regulert.


Norconsult AS gjennomfører planarbeidet for Musea i Sogn og Fjordane

Føremålet med planarbeidet er å regulere arealet til offentleg/privat tenesteyting, der det primært skal etablerast fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane. Delar av planområdet på omrent 12,5 daa er frå før bygd ut. Eksisterande bygningsmasse samt planlagt garasje og mindre tilbygg vil til saman utgjere eit bruksareal på under 10 000 m<sup>2</sup>. Det er i tillegg sett av areal vest for eksisterande bygningsmasse, tenkt til mogleg utviding av bygningsmassen i framtida. Det føreligg ikkje konkrete planar for denne utvidinga, og difor heller ikkje kva størrelse eit eventuelt nybygg vil ha. Arealet er mellom 1-2 daa, noko som avgrensar omfang på eventuell utbygging.

Planområdet er vurdert til å ikkje verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Informasjon om planarbeidet vert lagt ut på Sunnfjord kommune sin internettadresse:  
[www.sunnfjord.kommune.no](http://www.sunnfjord.kommune.no), under kunngjeringar. Referat frå oppstartsmøtet vert lagt ut på heimesida til kommunen.

Planarbeidet er i oppstartsfasa. Vi er i gong med å registrere og samle inn opplysingar for planarbeidet. Målet er å oversende planframlegget til Sunnfjord kommune for handsaming hausten 2022. Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn når kommunen finn framlegget tilfredsstillande.



*Figur 1. Oversiktskart med forslag til planavgrensing*

Planen med tilhøyrande dokument vil femne om:

- 1) Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova.
- 2) Planomtale som klargjer innhold og planen sine vesentlege konsekvensar i høve til miljø, samfunn og røyrde partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova.
- 3) Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova
- 4) VAO-rammeplan (krav i kommuneplan)

For nærmere informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Arne Kringlen  
mob. 951 17 875  
e-post: arne.kringlen@norconsult.com

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS  
v/Arne Kringlen  
Postboks 514  
6803 Førde

**Frist for å sende inn merknadar er sett til 22. mai 2022.**

Med vennleg helsing  
**Norconsult AS**

Arne Kringlen


**Vedlegg:**

1. Adresseliste
2. Utsnitt av gjeldande areal del til kommuneplanen (2018-2030)
3. Planavgrensing med topografisk norgeskart som bakgrunn
4. Planavgrensing med ortofoto som bakgrunn
5. Vurdering av konsekvensutgreiing
6. Referat frå oppstartsmøte


**Vedlegg 1: Adresseliste**

Gnr/Bnr/Fnr/Snr.	Fornamn	Etternamn	Adresse	Postnr.	Poststad
	NVE region vest rv@nve.no		Naustdalsvegen 1b	6800	Førde
	Statsforvaltaren i Vestland sfvlpost@statsforvalteren.no		Njøsavegen 2	6836	Leikanger
	Vestland fylkeskommune post@vlfk.no		Postboks 790	5020	Bergen
	Sunnfjord kommune postmottak@sunnfjord.kommune.no		Postboks 338	6802	Førde
	BKK kundepost@bkk.no		Postboks 7050	5020	Bergen
	Sunnfjord miljøverk post@sum.sf.no		Einevegen	6815	Førde
25/6	John Helge	Selnes	Angedalsvegen 622	6811	Førde
25/7	Margunn Helen B.	Ramstad	Kyrkjevegen 23 B	6809	Førde
25/16	Constance	Herland	Angedalsvegen 617	6811	Førde
25/24					
25/17	Musea i Sogn og Fjordane Stiftinga (framleggsstiller)		Gota 16	6823	Sandane
25/28					
25/23	Vestland fylkeskommune		Postboks 7900	5020	Bergen
25/26	Kristin Lif	Breivik	Angedalsvegen 599	6811	Førde
25/26	Åmund	Breivik	Angedalsvegen 599	6811	Førde
25/27	Thomas	Rasmussen	Førdefjordvegen 237	6815	Førde

Vedlegg 2: Gjeldande planstatus – kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 (revidert 26.09.2019)



**Vedlegg 3: Topografisk norgeskart med planavgrensing**



Vedlegg 4: Ortofoto med planavgrensing

